



Retningslinjer for søknad om tilskot til drift og vedlikehald til privat veg

- Som veg reknast privat vegsystem frå offentleg veg med alle samleveggar og greiner som tener ein eller fleire bustadar med fast heilårs busetnad.
- Når det er fleire interesser enn ein husstand til vegen er det krav til veglag med føresegner godkjent av kommunen for utbetaling av tilskot.
- Veglag skal ha leiar, kasserar og eigen bankkonto. Tilskot vert betala til veglaget sin konto.
- Eksisterande ordning med brøytetilskot fell bort.
- Det vert ikkje gjeve noko ekstra tilskot for vøling av private vegar utover denne ordninga som desse retningslinjene tilseier.
- Lengda på veg vert rekna med alle forgreiningar fram til fast busetnad.
- Vegen det vert søkt tilskot til må ha ei minimum lengde på 500 meter frå offentleg veg og til fyrste heilårs bustad.
- Lengda som vert grunnlag for tilskot vert redusera med 200 meter for kvar husstand utover ei veglengde som overstig 500 meter. Lengda kan reduserast for anna industri, næring, kraftproduksjon og liknande med ei lengde som skal stå i høve til omfanget av tiltaket.
- Det vert ikkje løyvd noko tilskot for vegar som ikkje er opne for almenn ferdsel. Herunder vegar der det er innført bomavgift eller annan type avgift.
- Retningslinjene kan fråvikast ved særskilte grunnar. Døme på dette kan vera helserelatera årsakar, økonomi eller andre særskilte årsakar som søkjar meinar kommunen må ta omsyn til. Dette må spesifiserast i søknad.
- For 2021 vert størrelsen på tilskotet kr: 5,- pr.meter med indeks kvart 5 år.